

Jorda tar himlen i famn

Stille natt - heilage natt

(T: Joseph Mohr O: Erik Hillestad M: Franz Gruber)

*Stille natt, heilage natt.
Alt har svevn og mørker tatt.
Trufast vaker dei heilage to.
Varsamt voggar dei barnet til ro.
Jorda tar himlen i famn,
jorda tar himlen i famn*

I ein nydeleg og varsam julesalme høyrer vi at ”jorda tar himlen i famn”.

Det er eit stort mysterium.

Gud kan ingen skjøna seg på, gripe eller fange. Han er fri. Men julenatta kom han sjølv. For han kan ikkje vera forutan oss. Han søker fellesskap med sine, for vi er av han. Og han blir som oss. Han blir eit barn, liten, vever, sårbar. Det minst farlege som finst. Legg seg i hendene til Maria og Josef. Dei gav den vesle guten det alle menneske treng mest, kjærleik. Utan kjærleik døyr mennesket.

Dei vaker i den heilage natta. Heilag var ho for dei. For dei ana kven som kom. Dei lyttar etter pusten og dei små klynka, høyrer dei raske hjarteslaga, Guds hjarteslag på jord. Dei undrar seg. Er det slik han ser ut? Heilt sidan engelen Gabriel besøkte Maria har ho i spenning gått og venta på å få sjå han. Og no er han her. Heile himmelen og alt det Gud eig og har, er med denne gutungen til jorda. Så alminneleg kan det heilage vera. Jesus Kristus kom for å vise oss at kjærleiken er det sterkaste mellom oss. Ingen kan leva utan kjærleik. Heller ikkje Gud. Julenatta var det nok kjærleik for han. For Maria og Josef var der og tok imot Jesus. På Langfredag var det ikkje nok. Då vart han åleine. Men det var då han tok med seg kjærleiken inn i døden. Og sidan den dagen finst det noko som er sterkare enn døden. Gud er der i Jesus Kristus med sin kjærleik som strøymar gjennom alt.

Julenatta kom han for at ikkje noko menneske, eller nokon stad lenger skulle vera utan Gud. Guds kjærleik leitar seg fram til alt og alle.

Velsigna jul!

Tor Singsaas,
biskop i Nidaros